

Høringsuttalelse

Saksnummer: 201836836 - Salbu Produksjon AS - søknad om uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatn i Hyllestad

1. Blir det restriksjonar for utslepp frå gardsbruka og anna næring, eventuelt nye bustader/hytter som ligg ved vassdraget som renn ut til Ramsgrøvattenet?
2. Blir det restriksjoner for eventuelt å regulere vassdraget som renn til Ramsgrøvatnet -ved utbygging av vasskraft eller lignande i Høydal?
3. Blir Høydalsbrua forsterka eller utvida? (lysopning). Ser på fig.5 att dammen skal ha eit overløp på ca.15-16 meter som er vesentleg større enn lysopningen på brua. Ved snøsmelting og flaum vil det bli større påkjenning på bru-kara (fare for utvasking).
4. Kjem Høydalsbrua til å tåle eit eventuelt demmebrudd?
5. a. Korleis vil utbyggjar legge om elva når dammen skal byggjast? Står i søknaden at dei skal legge bekken i rør. Vi ser på det som ei elv og ikkje ein bekk.
b. Kor skal røyret legges?
c. Skal det gravast under brua?
d. Kva då med stabiliteten til fundamentet til brua (bru-karet)?
6. Kor mykje vil Ramsgrøvatnet bli tappa ned under utbygginga av demma?
7. Kva Kote kjem underkant fundament på? Det må vel senkast under den kota for å få jobbe med fundamenta? Kva då med vegen rundt Ramsgrøvatnet, kan det bli utsklidning når vatnet blir senka so mykje?
8. a. Er det fare for at vegen rundt Ramsgrøvatnet, Fv. 607, kan få setningar/utglidningar ved oppdemming og senking av vatn?
b. Har Statens Vegvesen sett på den konsekvensen?

9. Er det riktig val at prosjektet har fått konsekvensklassen 1.? Burde ikkje prosjektet hatt konsekvensklasse 2.?

Bemerkninger til:

Pkt. 1.4.1. Bilde1-4, er desse tatt på same dag/tidspunkt? Vi meiner at bilde 3 viser middels vannføring og ikkje høg vannføring slik utbyggar beskriv. Ved høg vannføring står elva heilt oppunder stokken på den gamle demma som ein ser på bildet.

-Vi stiller spørsmål til beskrivelsen på nokre av bilda som er nytta til å beskrive vannføringa i elva. Vi meiner desse teiknar eit ukorrekt bilde av vannføringa når den er høg.

Det er per i dag 3 gardsbruk i drift i Høydal, i tillegg blir slottemarka på garden på Vassenden også nytta. Alt vatn som kjem ned i Høydalsvatnet renn igjennom landbruksareal som blir disponert av bruka. Minimum 80% av alt vatnet som renn til Ramsgrøvatnet kjem ifrå gr.nr 19 Høydal.

Ved ein eventuell flaum, demmebrudd og/eller vegkollaps (høydalsvegen/Fv.607) blir alle i Høydal isolerte og viktig infrastruktur blir øydelagd over lang tid. Dette vil medføre store økonomiske konsekvensar for dei 3 gardsbruka og bebruarane i dalen (per d.d. 11 stk).

Høringsuttalelse frå

Roy-Erik H. Høydal
Roy-Erik Helgås Høydal

Torleif Hauken
Torleif Hauken

Asbjørn Høydal
Asbjørn Høydal

Kristine H. Høydal
Kristine Helgås Høydal

Inger Hauken
Inger Hauken

Kontaktinformasjon: hoydalgard@enivest.net mob.99112277/95005777